

TURPROGRAM JÆREN TURLAG



FOTO: Ragnar Egeland

Jæren Turlag
Stavanger Turistforening

10 år
2014 - 2024



LEINGA



FOTO: Ragnar Egeland

Leiar i Jæren Turlag: Anne Reidun Garpestad

FRÅ LEIAREN

Jæren Turlag ønsker velkommen til eit nytt og spennande turår.

I turprogrammet for 2024 finn du mange gilde fellesturar. Turane er kategoriserte for at du som deltakar lettare skal finna din tur. Jæren Turlag er stolte over å kunna tilby alt frå enkle nærturar til meir krevjande fjellturar og varierte turopplegg for heile familien.

I 2023 starta me eit samarbeid med Jæren Friluftsråd og frivilligsentralane og dette vil fortsetja i 2024. Dagsturhyttene er blitt flotte turmål for både barn og vaksne. Jæren Turlag er med på dugnad for å halda hyttene reine og fine.

Jæren Turlag er 10 år i 2024. Det vil me feira på ulike måter. Det vert arrangement ved alle dagsturhyttene og ekstra feiring på Kom-Deg-Ut-dagen i september. Følg med på facebook og nettside.

Har du lyst til å bli frivillig i turlaget? Me treng både turleiarar og frivillige til å vera med på ulike arrangement. Har du lyst å vera med i fadderlaga for dagsturhyttene, eller kva med merking av stiar og turar? Ta kontakt på e-post.

Velkommen på tur!



FOTO: Ragnar Egeland

Over frå venstre: Anne Grete M Tjemsland, Arnfinn Særheim, Margreta Hauge Clemetsen, Einar Jordebrett, Solfrid Grødem, Alf Kåre Sirevåg, Nadine Friese og Lene Støldal

INFORMASJON

JÆREN TURLAG

Barnas Turlag

Nærturar

Fjellturar

Høgt og Lågt

NIVÅ PÅ TURANE

Enkel: ●

Krev ingen spesielle ferdigheiter. Maks 300 m moderat stigning, inntil 8 km. Går på asfalt, grus og gode stiar

Moderat: ●

Krev noko erfaring med å gå i terreng og normalt god form. Maks 600 m moderat stigning, inntil 12 km. Går heilt eller delvis på sti, kan ha enkelte bratte parti.

Krevjande: ●

For erfarne turgåarar med god utholdenheit. Maksimalt 1200 m stigning, inntil 20 km. Går på sti, i ope terreng, stein, ur og snauffjell.

Ekstra krevjande: ●

Dagsetappar på meir enn ca. 20 km, tidvis i svært bratt og ulendt terreng og ofte utanom merka løyper. Passar for deg som er i svært god form og har god fjellerfaring.

JÆREN TURLAG TRENG FLEIRE FRIVILLIGE!

Bli med på eit 3 timar gratis ambassadørkurs.

Ambassadørkurset er eit «Bli kjent kurs» som gir deg ei god innføring i det arbeidet Stavanger Turistforening gjer og dei verdiane foreininga står for. Her får du òg moglegheita til å bli betre kjent med andre nye frivillige. Kurset er gratis og varer i 3 timar.

- Ta kontakt med oss om du vil vera med på turar, dugnadar eller anna frivillig arbeid i Jæren Turlag.
- Alle medlemmer i Stavanger Turistforening som bur i Gjesdal, Hå, Klepp eller Time kommune er automatisk medlem av Jæren Turlag.
- Jæren Turlag har pr. november 3369 medlemmer.

Du finn oss på:

<https://www.dnt.no/stavanger>

----- facebook.com/jaerenturlag
e-post: jaerenturlag@stf.no

----- facebook.com/BTjaeren

TURAR I NÆROMRÅDET

NÆRTURAR



FOTO: Margrete Haug e Clementsen

I lag med jærkommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time har Jæren Turlag merka 26 turløyper rundt tettstadane i desse fire kommunane.

Med nærturar meiner me turar som gjerne bind saman både bustad – og grøntområde. Ofte er det interessante historiar som turleiar informerer om. Turane går stort sett på gode stiar, grusvegar og asfalt.

I 2024 arrangerer vi 26 nærturar med turleiar. Fleire av turane er nye for året. Mange av turane er dei same, gjerne med ein ny vri eller ei anna årstid.

Nærturane startar kl 1730 annakvar onsdag. Me har ikkje nærturar i januar og desember, i den mørkaste tida. Me har prioritert å ha turar kvar onsdag i delar av mai, juni og august slik at fleire turar kan gås i dagslys.

Turane er for alle og er gratis, og du treng ikkje vera medlem for å vera med. Me har plass til fleire på turane, så ta gjerne ein kikk på programmet og bli med. Me vil også i år dela ut eit hefte med oversikt over alle nærturane.

Velkommen på nærtur – ein sosial tur i godt lag.



FOTO: Anne Reidun Garpestad



FOTO: Rognar Egeland

Turprogram 2024

Nærturar vår * Ikkje merka som nærtur

Dato:	Tittel:	Tur type:	Sted	For Kven:	Nivå:
07.02	Orstadrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
21.02	Engelsvollturen	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
06.03	Norheimsturen	Nærtur	Time	Vaksen	●
20.03	Flassavatnet	Nærtur	Gjesdal	Vaksen	●
03.04	Haugstadskogen	Nærtur	Hå	Vaksen	●
17.04	Undheim - Tunheim *	Nærtur	Time	Vaksen	●
08.05	Sandtangen-Re	Nærtur	Time	Vaksen	●
15.05	Ulvatjørna *	Nærtur	Time	Vaksen	●
22.05	Sirevåg *	Nærtur	Hå	Vaksen	●
29.05	Borestranda *	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
05.06	Grasdalen	Nærtur	Time	Vaksen	●
12.06	Bratlandsånå	Nærtur	Hå	Vaksen	●
19.06	Øksnavad - Gruda	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
26.06	Pyttaskogen *	Nærtur	Hå	Vaksen	●

Nærturar haust

07.08	Tinghaugrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
14.08	Stemmen	Nærtur	Time	Vaksen	●
21.08	Øygardsvatnet	Nærtur	Gjesdal	Vaksen	●
28.08	Lalandsrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
04.09	Hammaren	Nærtur	Gjesdal	Vaksen	●
18.09	Rundt Elisberget *	Nærtur	Time	Vaksen	●
02.10	Dalabekken	Nærtur	Hå	Vaksen	●
16.10	Kleppevarden rundt	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
30.10	Kalbergskogen	Nærtur	Time	Vaksen	●
13.11	Verdalsrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
27.11	Melsvatnet *	Nærtur	Time	Vaksen	●

Turprogram 2024



Barnas Turlag

Dato:	Tittel:	Tur type:	Sted	For Kven:	Nivå:
04.02	Kom Deg Ut Dagen (<i>Sandtangen</i>)	Arrangement	Time	Familiar	●
21.04	Brekkenuten <i>Matlaging ute.</i>	Matlaging	Time	Familiar	●
25.05	Mån (<i>til 26.05</i>)	Overnatting	Gjesdal	Familiar	●
02.06	Aktivitetsdag ved dagsturhyttene.	Arrangement	Alle kom.	Familiar	●
02.08	Grautheller (<i>til 04.08</i>)	Overnatting	Sandnes	Familiar	●
01.09	Kom Deg Ut Dagen (<i>Melsvatnet</i>)	Arrangement	Time	Familiar	●

Arrangement

25.01	Ambassadørkurs (<i>15.02 - 18.04 - 23.05</i>)	Kurs	STF	Ungdom+	●
31.01	Nærturlederkurs	Kurs	Gramstad	Ungdom+	●
14.02	Førstehjelpskurs	Kurs	Bryne	Ungdom+	●
13.03	Ambassadørkurs	Kurs	Gramstad	Ungdom+	●
24.04	Førstehjelpskurs	Kurs	Stavanger	Ungdom+	●
27.04	Grunnl. turleiarkurs (<i>til 28.04</i>)	Kurs	STF	Ungdom+	●
25.05	Grunnl. turleiarkurs (<i>til 26.05</i>)	Kurs	STF	Ungdom+	●
22.08	Ambassadørkurs (<i>24.10 - 21.11</i>)	Kurs	STF	Ungdom+	●
11.09	Ambassadørkurs	Kurs	Gramstad	Ungdom+	●
25.09	Førstehjelpskurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
02.10	Nærturlederkurs	Kurs	Gramstad	Ungdom+	●
22.11	Førjulsfest	Arrangement	Varhaug	Vaksen	●

Turprogram 2024

Fjellturar

Dato:	Tittel:	Tur type:	Sted	For Kven:	Nivå:
28.04	Marsteinsfjellet-Brunes	Topptur	Bjerkreim	Vaksen	●
02.06	På langtur langs Ørdsalsvatnet	Topptur	Bjerkreim	Vaksen	●
16.06	Fjellgardar i Time.	Fjelltur	Time	Vaksen	●
30.06	Madland-Ø.Frøylandstøl-Vådlandsnuten	Topptur	Gjesdal	Vaksen	●
24.08	Fossar, fjord og fjell (til 25.08)	Overnatting	Gjesdal	Vaksen	●
22.09	Ogna – Ualand	Rundtur	Hå	Vaksen	●
29.09	Kalvatoknuten-Brendamønet	Topptur	Bjerkreim	Vaksen	●
06.10	Vallresknuten og Vallresbu	Topptur	Gjesdal	Vaksen	●

Høgt og Lågt

10.02	Blåtur	?	?	Vaksen	●
09.03	Vistnes	Rundtur	Randaberg	Vaksen	●
13.04	Limaheiane	Rundtur	Gjesdal	Vaksen	●
11.05	Smøråsen	Topptur	Hå	Vaksen	●
08.06	Ramnafjellet	Topptur	Bjerkreim	Vaksen	●
10.08	Vedafjellet	Topptur	Sandnes	Vaksen	●
14.09	Finnøy	Rundtur	Stavanger	Vaksen	●
12.10	Gaudland	Rundtur	Sokndal	Vaksen	●
09.11	Stokkavatnet	Rundtur	Stavanger	Vaksen	●

Detaljert informasjon her: <https://www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turistforening/jaren-turlag/>

TURAR FOR FAMILIEN

BARNAS TURLAG JÆREN

Barnas Turlag Jæren er ei turgruppe i Jæren Turlag som arrangerer turar og friluftaktivitetar for barn fra 0 til 12 år, saman med mor, far eller nokon andre. Me ynskjer å gje eit godt tilbod til familiar som liker friluftsliv, og å bidra til at endå fleire barnefamiljar på Jæren kjem seg ut på tur.

Det å finna gleda ved å driva friluftsliv og bli glad i naturen, bidrar positivt til vår livskvalitet. Å gå på tur saman med andre barnefamiljar kan også vera ein god anledning til å koma seg ut sjølv om været ikkje freistar, og her skapast nye vennskap. Barnas Turlag ynskjer å skapa naturopplevingar for livet!


I 2024 så har me to overnattingsturar, den eine blir til Mån i samarbeid med Jæren Friluftsråd. Me skal og få vera med å laga mat ute på bål, eller stormkjøkken. Det gler me oss til.

Følg med på nettsida og Facebook sida, det kan koma fleire turar som ikkje står i programmet. Håper me ser deg på tur i 2024.

Er du ein kjernefamilie, einsleg mor eller far, snill tante/onkel, bestemor eller bestefar som ynskjer

å koma seg ut på tur saman med andre i sosialt fellesskap, er Barnas Turlag plassen for deg.

 @BTJaeren

 @barnasturlagjaeren

<https://www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turistforening/jaeren-turlag/barnas-turlag-pa-jaeren/>

Følg oss på Facebook der du finn oppdatert informasjon om våre turar og arrangement. Der kan ein også lesa referat i etterkant av turane. Vi sjåast på tur!

Bli familiemedlem: <https://www.dnt.no/medlem/>

Frivillig: Barnas Turlag Jæren treng fleire som kan bidra i samband med å arrangera turar og aktivitetar i naturen for barn og familjar. Det treng ikkje være så mykje, og du treng ikkje ha noko erfaring frå før. Så ynskjer du å bidra med å gi barna ei fin naturoppleving, er det berre å kontakta Jæren Turlag: jaerenturlag@stf.no



TURAR FOR VAKSNE

FJELLTURAR



FOTO: Siri Berland Reinertsen

Fjellturane i Jæren Turlag er turar som blir arrangert på søndagar og turane passer for ungdom, vaksne og spreke seniorar.

Nivået på turane varierer frå middels krevjande til krevjande der ein forventar at deltakarane er vane med å ferdast i ulent terreng.

Målet for dei fleste turane er å nå ein fjelltopp eller to og nyta flott utsikt og natur i godt selskap med andre turglade folk.

I 2024 er det mange spennande turar. Nokon som kan nemnast er: Rundtur Madland - Øvre Frøylandstøl - Vådlandsnuten. Dette er ein tur som vanlegvis blir gått til Øvre Frøylandstøl fra Dirdal, men nå tek me dette som ein lengre men slakare rundtur frå Madland.

I tillegg har me ein fin overnattingstur til Blåfjellenden, der returen går via Fitjadalen til Mån og Eikeskog. Det blir også ein flott tur til gamle fjellgardar i Time.

Velkommen på våre turar i 2024.



FOTO: Anne Reidun Garpestad




FOTO: Gro Mabel Andås

TURAR FOR VAKSNE

HØGT OG LÅGT



FOTO: Ragnar Egeiland

 Turgruppa Høgt og Lågt i Jæren Turlag er open for alle vaksne, men er tilrettelagt for deltakarar som kanskje ikkje maktar å gå på dei høgaste toppane, og som kjenner at ein treng litt lågare tempo og fleire pauser.

Turane er varierende og går langs heile jærkysten frå Hauge i Dalane i sør, til områda forbi Stavanger heilt i nord.

Som i tidligare år, blir det både toppturar og turar i lågare terreng. Dei lågare turane tidlig om våren

og seint på høsten. Då kan me gå turane sjøl om været ikkje skulle vera av det beste. Så brukar me sommarsesongen til å koma oss meir opp i høgda.

I 2024 ska me ta turen heilt til STF hytta på Gaudland i Sokndal i sør, og så blir det øytur på Finnøy i nord. Av toppturane er nok Ramnafjellet i Bjerkeim den mest krevjande av Høgt og Lågt turane. Løna blir ein flott utsikt på toppen. Utsikt blir det og på Vedafjellet i Sandnes, som er noko enklare å koma opp på.



FOTO: Ragnar Egeiland



FOTO: Ragnar Egeiland

GALLERI

AKTIVITETAR FRÅ 2023



FOTO: Ingvor Johansen, Rindheim



FOTO: Svanhild Arnegård



FOTO: Anne Grete M. Jømsland



FOTO: Målfrid Tjora



FOTO: Einar Jorabrekke



FOTO: Oddrun Akenes

BLI MEDLEM

MEDLEMSFORDELER I STAVANGER TURISTFORENING

- 30 % rabatt på 46 hytter i Ryfylkeheiene og 550 DNT-hytter.
- Store rabattar på betjente hytter som Nilsebu på bildet ovenfor.
- Barn under 12 år bur GRATIS på sjølv- og ubetjente hytter.
- Ungdom overnattar til halv pris.
- Rabatt på proviant på hyttene.
- Rabatt på STF's fellesturar og kurs.
- STF's og DNT's årbok.
- STF's turmagasin TURglede.
- 6 utgåver av Fjell og vidde.
- Fiskerettigheter i dei fleste vatn og vassdrag langs STF's rutenett.
- Medlemsprisar med 15 % rabatt på turutstyr, kart og bøker i vårt tursenter.
- Gratis turretleiing i tursenteret i Stavanger.
- Gode rabattavtalar hos våre samarbeidsvartalar (sjekk på stf.no).

Alle medlemmar i Stavanger Turistforening som har adresse i kommunane Hå, Time, Klepp eller Gjesdal vert automatisk medlem i Jæren turlag.